



Rektor Vidar Haugland orienterer på møtet måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Skulestruktursaka er eit håplaust dilemma, sa rektor Vidar Haugland under møtet i Dialogforum på Gamleskulen måndag kveld. Han gjorde det klart at han ikkje var agent korkje for endring av strukturen eller status quo og var glad for at han ikkje var politikar og måtte ta eit standpunkt.



Skulestruktursaka engasjerer ikkje uskedelingane – det møtte berre 13 i Gamleskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

At denne saka ikkje engasjerer uskedelingane spesielt sterkt er tydeleg nok, for det var berre 13 frammøtte og av dei var to frå aksjonskomiteen mot nedleggjing av skulen i Bringedalsbygda. Heller ikkje ei eventuell overføring av denne skulen til Uskedalen vart noko tema under møtet.

Haugland peika i oppsummeringa si etter ei grundig innleiing på at ein endring av strukturen vil gje eit redusert driftsnivå med færre lærarar og klassar og mindre vedlikehaldsutgifter. Men skyssutgiftene aukar.

Ved å behalda skulestrukturen som no blir overføringane frå Staten redusert og forfallet ved skulane held fram. På den andre sida vil dei framleis ha ein samfunnshus-funksjon i dei bygdene der dei ligg.

Men ved val av dette alternativet no må det likevel om nokre år skje eit nytt val fordi skulane vil halda fram og forfalla fysisk og det blir færre timar til undervisning..

Den som hadde det friskaste synspunktet for ei sentralisering på møtet var Magne Huglen. Han var redd for at politikarane er for feige og satsar på kortsiktig gevinst i staden for ei framtidretta løysing. Huglen var for å redusera talet på barneskular i kommunen til tre-fire gjennom sanering av dei fleste av dei gamle. Han kunne tenkje seg ein ny og stor skule til dømes i Omvikdalen og ein omfattande samling på Husnes.

Huglen trudde at mange av dei noverande skulane uansett ville bli lagt ned om 20-30 år og meinte at forslaget om ein ungdomsskule – på Husnes eller kanskje i Uskedalen – også var godt.

Kjell Yri var langt på veg sams med Huglen og viste mellom anna til gode erfaringar med tidlegare skulenedleggjingar i kommunen.

Kristian Bringedal undra seg over kvifor at var så problematisk å få til ei samling av skular på fastlandet når det hadde lukkast så godt på Halsnøy. Han viste til at det er like store avstandar mellom skulane på øya som mellom Skarveland, Valen og Undarheim..

Kjell Erik Taranger meinte med utgangspunkt i "kom-heim-kampanjen" at dei som vil flytta heim mykje heller vil komma til ei bygd som har skule enn til ei som ikkje har det.

Huglen trudde ikkje skulen var det avgjerande, folk vil helst bu der dei vaks opp.

Thor Inge Døssland peika på kor viktig det er med nærleiken til skulen, både for ungar og foreldre.

Arne Terje Haugland trudde at små skular i framtida vil slita hardt for å få ltak i lærarar, akkurat som helsevesenet slit for å få personale i dag.

For tre år sidan vart det av ein komite kalkulert med at skulen i Uskedalen burde rustast opp for vel 10 millionar kroner. Men rektor Haugland ser ikkje no bort ifrå at det berre er halvparten av det som trengs for å få ein moderne og framtidretta skule.

Han viste her til ungdomskulen i Rosendal kanskje må rustast opp for 40 millionar medan det første anslaget var halvparten så stort.

Av Ola Matti Mathisen



Ellen Aakre og Hege Sund frå Herøysund var også engasjerte møte-deltakarar i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)